

**Fra:** Politisk (Politisk@vlfk.no)

**Sendt:** 15.09.2020 15:23:36

**Til:** Anita Fjellheim

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål frå Andersen (FNB) - kan redusert eller inga arbeidsavgivaravgift vere eit verkemiddel som vert fremja frå Vestland fylke til Regjeringa?

**Vedlegg:**

### **Spørsmål til fylkesordføraren i møte i Fylkesutvalet i Sogndal 17.september 2020**

#### **Høyanger kommune : kan redusert eller inga arbeidsavgivaravgift vere eit verkemiddel som vert fremja frå Vestland fylke til Regjeringa?**

Høyanger kommune har i særleg grad vore ramma av reduksjonar og nedleggingar av industriarbeidsplassar dei siste 10 åra.

I tillegg har kommunen nyleg mista arbeidsplassar innan vidaregåande opplæring.

Hjørnesteinsbedrifta Hydro slit i ein konkurranseprega marknad som er blitt ytterlegare forverra av koronasituasjonen.

Det er denne veka kom meldinga om at industribedrifta Nyrstar legg ned. Verksemda har 37 tilsette.

Det er vanskeleg å sjå for seg kva som kan stoppe og reversere den negative utviklinga vi ser i Høyanger. Men konkurransekraft og dermed overlevingsevne heng nøye saman med kostnadsbiletet for private verksemdar.

Staten har sjølv påverknad på kostnadssida gjennom den differensierte arbeidsgjevaravgifta, som varierer frå null i Troms og Finnmark (4 % stønad under korona) til 14,1 % (10,1% under korona).

Alle kommunane i Sogn og Fjordane inkl Høyanger ligg plassert i nest høgaste arbeidsgjevaravgiftssone (2). Satsen er her 10,6 % (6,6% under korona) .

#### **Spørsmål :**

Vil fylkesordføraren nytte politiske og administrative kanalar for å reise spørsmål om ei senking av Høyanger si noverande innplassering i Sone 2, på bakgrunn av kommunen sin akutte situasjon?

Helsing

Knut Inge Andersen

Utvalsmedlem

FNB

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you